



23 april 2010

Til alle laga i Hordaland o-krets

I følgje rulleringsplan for Fjord-O (arvtakar for Nordvestgaloppen) er det for året 2012 laga i Hordaland o-krets sin tur å søke om arrangementet. NOF ber om at dei laga som kan tenkje seg å ta på seg eit eller fleire løp sender søknad til [gunnar.gytri@orientering.no](mailto:gunnar.gytri@orientering.no) innan **12 mai 2010**.

Om det kjem på plass arrangørar i løpet av våren 2010 vil NOF kunne hjelpe til å marknadsføre arrangementet under VM i Trondheim i august.

Dette er på plass på den internasjonale terminlista i 2012.

Norsk O-festival på Beitostølen 29, 30 juni og 1 juli ( dette arrangementet kan også gå ei veke tidlegare)

WMOC i Tyskland 1-8 juli

WOC i Sveits 14-22 juli

O-ringen 5 dagars i Sverige 23-27 juli

Norges Orienteringsforbund ser 2 aktuelle plasseringar av 4 løp i Fjord-O 2012. Den eine løysinga er å flytte Norsk O-festival fram til 22,23 og 24 juni og at **Fjord-O blir arrangert 26, 27, 28 og 29 juni**. Ved å arrangere Fjord-O rett etter Norsk-O-festival vil arrangementa kunne marknadsførast felles, og ein kan dra nytte av deltakarar som allereie er i Norge.

Den andre løysinga er at **Fjord-O blir arrangert i perioden 1-5 august**, ( i denne løysinga kan det bli kollisjon med HL, som kanskje vil bli arrangert i helga ).

Det vert oppfordra til å tenkje på "nye og spektakulære område", som vil være ekstra attraktive for tilreisande.

For interesserte søkjarar kan vi også legge til at det vil bli etablert ei heimeside for arrangementet Fjord-O som vil nyttast saman med arrangørane av Midnattsolgaloppen.

Ein søknad skal i denne søknadsrunden innehalde:

- Arrangør evt. i samarbeid med andre
- Ønskt dato for løpet (a)
- Kart
- Kort om kva som er attraktivt for tilreisande
- Kontaktperson

Informasjon/ kontaktpersonar:

Gunnar Gytri [gunnar.gytri@orientering.no](mailto:gunnar.gytri@orientering.no) 57 76 12 21

Jørn Sundby [jorn.sundby@orientering.no](mailto:jorn.sundby@orientering.no) 91 61 05 59

Jan Kocbach [jan@kocbach.net](mailto:jan@kocbach.net) 45 22 66 37

Mvh Norges Orienteringsforbund

Gunnar Gytri

Norges Orienteringsforbund

Besøksadresse: Sognsveien 73 L (Ullevål stadion), 0855 Oslo / Postadresse: 0840 Oslo

Tlf. +47 21 02 90 00 / E-post: [nof@orientering.no](mailto:nof@orientering.no) / Web: [www.orientering.no](http://www.orientering.no)

Bankkonto: 5134.06.05954 / Foretakregisteret.: NO 971 011 491 MVA